

# Til den Norske Landarbeider

Trøytt under børa gjekk du bøygd mot ei karrig mold  
Svolk for din sveitte fekk du av herrar i framandt sold  
Aldri di naud du klaga. Ditt tolmod var tungt som jord  
Det er no eingong so laga var alltid ditt armods ord.

Audmjuk i kyrkjestolen sat du på småmanns vis  
når presten i silkekjolen svinga sitt svovel ris.  
Bringa di saman klemdes i redsel for brann og bål  
til veik for deg sjøl du skjemdes og vraka ditt tungemål.

Rådlaus i bankkontoret stod du og skjelv i kne.  
Trivla og tok etter ordet skjemd for om brød å be  
Skamma som glør deg brende da knapt du fekk svar så  
vidt.  
Men tung var di veg attende til det som eingong var ditt.

Regnsus i natta klagar. Tærande tankar brenn.  
Maktlaus i myrke dagar ventar du rettens menn.  
Hand på ditt hus dei lagde, reidskap bøling og båt.  
Sjølvs stod du bleik og tagde og svelgde din beiske gråt.

Illt var det ord du lærde, tolmod i træle kår.  
Tungt det din livsmerg tærde. Gløym det og vegen er klår  
!  
Reis deg og riv iglane av deg kvit knytta handa til slag.  
Krafta ditt yrke gav deg. Bruk ho i denne dag.

Høyr dine brødre ropar bak mur av teglrød stein.  
Fylk dykk villfarne hopar. Stå saman med oss som ein !  
Inn under fana frende. Land og by kom i takt !  
Få er vi træle brende, men samla ei sigersmakt.

Dykkar er dette landet, jorda med korn og skog.  
Sveitande småfolk vann det med heimesmidd øks og plog.

# Til den Norske Landarbeider

Rovgriske menn tok frå dei livsviljen træle batt.  
Små menn i dag gå på dei, landet ditt – ta det att !